

Sportsbil-entusiaster på Lofthus-besøk

Nyleg gjekk Norwegian Sportscar Rally av stabelen. Det er norsk MG klubb som står bak turen, som er den sjuande i rekkja. På turen gjennom Hardanger var Hotel Ullensvang stoppestad.

HF Ingelin Røssland

Pressekontakt, Roy Råge, fortel at Norsk MG klubb har kring 500 medlemmar, og at dei arrangerer ein slik tur den andre helga i juni kvart år. Dette er ikkje fyrste året dei er verken på Vestlandet eller Hardanger, men det er fyrste året dei har lagt ei overnatting til staslege Hotel Ullensvang. I år er sjuande gongen turen blir arrangert og det er med 80 bilar og 160 personar.

MG er ein særskilt type toseta sportsbil produsert i England, men Råge fortel at også folk med andre typar sportsbilar kan få vera med i klubben og på turen. Likevel skal bilane

helst vera engelske og ha to seter.

MG-en har endra seg lite frå den fyrste bilen blei produsert i 1949, fram til produksjonen stogga i 1980. Berre tre gonger endra modellen seg nemneverdig. I 1995 blei produksjonen av denne sportsbilen teken opp att og då kom det ein heilt ny modell. Råge er eigar av den eldste bilen som er med på turen i år. Han har ein MH TD frå 1952, ein bil han har hatt i 24 år og som framleis ser heilt stroken ut.

Frå Lofthus gjekk turen vidare på sundag via Eidfjord og Geilo til Oslo der turen starta torsdag 10. juni.



FIRE GENERASJONAR. Sportsbilentusiaster med fire generasjonar av sportsbilen MG. Frå venstre: Per Rygh med sin MG F 1997 modell, Dag Råge med sin MG B 1963 modell, Svein Erik Madssveen med sin MG A 1956 modell og Arne Ingels med sin MG TD 1953 modell.

Radon-målinger på Eide

Tilbyr gratis
kartleaainga



Opplegget
klart for
folke-
musikk-